
Saknr: 2020/36130-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

Nynorskfylket Vestland: Utviding av nettverket. Politisk sak

Forslag til innstilling:

1. Nettverket *Nynorskfylket* vert utvida til Vestland fylke under namnet *Nynorskfylket Vestland*.
2. Fylkestinget vel leiar for Nynorskfylket Vestland og vara til denne for fire år. Fylkesrådmannen har sekretariatsansvar for Nynorskfylket.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland. Fylkesrådmannen førebur slik sak på grunnlag av innspel frå deltakarane i nettverket.
4. Nynorskfylket Vestland er samansett av aktørar i Vestland som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Aktørane må fylle ei regional rolle eller ha regional funksjon frå offentleg sektor, næringslivet og sivilsamfunnsorganisasjonar. Nynorskfylket Vestland har møte minst éin gong årleg, gjerne i samband med ei samling med fagleg innhald.
5. Fylkestinget sluttar seg til at det opprettast eit arbeidsutval i Nynorskfylket Vestland, samansett av leiar i forumet og minst to representantar frå dei andre deltakarane i nettverket.
6. Fylkeskommunen tar initiativet til å invitere inn aktørar inn i nettverket. Det første møtet i Nynorskfylket Vestland blir våren 2020 i samband med ei fagsamling med tema språkpolitikk.
7. Nynorskfylket Vestland held fram med å møte i det nasjonale samarbeidsorganet Nynorsk forum. Leiar i Nynorskfylket eller den han peikar ut møter i Nynorsk forum.
8. Oppnemning av leiar i Nynorskfylket gjennom den fylkeskommunale valperioden, med personleg vara, vert fremja i eiga sak til valnemda og fylkestinget.

Samandrag

I 2012 gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtak om å ta initiativ til etablering av eit nettverk for aktørarar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Frå 2015 fekk forumet namnet Nynorskfylket. 17 aktørar frå det offentlege, organisasjonar og privat næringsliv har delteke i nettverket.

Som ei følgje av samanslåinga av dei to fylkeskommunane meiner fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune bør ta stilling til vidare deltaking i nettverket og vurdere ei utviding av Nynorskfylket til å omfatte aktørar i heile Vestland. Ein erfarer at deltakarane i Nynorskfylket i Sogn og Fjordane fylke òg stiller seg positive til ei utviding. Fylkesrådmannen rår difor til at nettverket Nynorskfylket vert utvida med nye aktørar frå Vestland som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk, under namnet *Nynorskfylket Vestland*.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nynorskfylket er eit nettverk for aktørar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. I 2012 gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtak om å ta initiativ til etablering av eit nynorsk nettverk i Sogn og Fjordane. Jan Olav Fretland vart valt som fylkeskommunen sin folkevalde representant, og seinare leiar. Frå 2015 fekk nettverket namnet Nynorskfylket. Gunhild Berge Stang har frå 2015 til 2019 vore fylkeskommunen sin folkevalde representant og leiar i nettverket. Kulturavdelinga og seinare nærings- og kulturavdelinga i Sogn og Fjordane har hatt sekretæransvar for Nynorskfylket.

Deltakarane i nettverket har vore fylkesmannen, fylkeskommunen, KS, Førde kommune, Høgskulen på Vestlandet, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Utdanningsforbundet, Sogn og Fjordane Mållag, Nynorsk mediasenter, Nynorsk avissenter, Nynorsk kultursentrum, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), LO i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Teater, Lerum, Hotel Alexandra og Sparebanken Sogn og Fjordane. Enkelte aktørar har ikkje delteke i nettverket i heile perioden frå 2012 til 2019. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at dei deltakarane som har vore med i nettverket blir med vidare.

Nynorskfylket har dei fleste åra sidan 2012 hatt eitt eller to møte i året. Nettverket har stått bak to store språkkonferansar, i 2014 og i 2018. Nynorskfylket hadde siste møtet i september 2019. Utviding av nettverket i tråd med nye fylkesgrenser var tema under møtet. Deltakarane stiller seg positive til dette. Under møtet vart også organisering av nettverket diskutert. Det kom fram ønskje om å etablere eit arbeidsutval for å sikre kontinuitet i arbeidet. På møtet vart det også slått fast at aktørane ønskjer eitt til to møte i nettverket i året, gjerne knytt til fagsamlingar som Nynorskfylket står bak eller fagsamlingar initiert av deltakarar i Nynorskfylket.

Regional språkpolitikk

Nynorsk språk har ein sentral plass i dei regionale planane for kultur. I *Kultur for alle*, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 blir det mellom anna slått fast at «Nynorskfylket [...] vil ha ei viktig rolle som målberar for nynorsk språk framover». I *PREMISS: KULTUR*, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er eit av måla å «Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk».

På grunnlag av gjeldande vedtak vil Vestland fylkeskommune ta ansvar for å utvikle regional språkpolitikk. Også i nasjonal samanheng er fylkeskommunen ein viktig offentleg aktør i høve nynorsk språkbruk. I fylkestingsak 20/19 (17. desember) gjorde fylkestinget vedtak som gjeld nynorsk som administrasjonsmål i Vestland fylkeskommune. I denne saka peikar fylkesrådmannen på at det seinare vil bli lagt fram ein målbruksplan med forslag til retningslinjer og tiltak for gode språkkunnskapar i fylkeskommunen.

Nynorskfylket Vestland vil vere eit godt tiltak og verktøy i arbeidet med dette. Eigarskap i to nynorskteater, etablering av Nynorskens hus i Førde og Bergen, auka tal på nynorske produksjonar i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken er andre døme på relevante tiltak. I tillegg kjem innsatsen på ein samla skule- og undervisningssektor.

Kopling til nasjonale fora

Nynorskfylket i Sogn og Fjordane har vore medlem i det nasjonale forumet Nynorsk forum. Nynorsk forum er eit samarbeidsorgan for nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet drøftar viktige spørsmål om nynorsk i kulturlivet og samfunnet, og kjem med felles prioriteringar til statsbudsjettet kvart år. Nynorsk kultursentrum er sekretariat for Nynorsk forum, og direktøren er sekretær og talsperson for forumet. Nynorsk forum vedtok nye retningslinjer i 2019 som slår fast at forumet har desse føremåla:

1. å koordinere innspel, høringsfråsegner og budsjettprioriteringar, til regjering, storting og dei politiske partia
2. å utveksle erfaringar i aktuelle enkeltspørsmål og skape meir innsikt om dei ulike institusjonane
3. å utveksle og samordne bruk av ressursar i avgrensa enkeltsaker det er semje om
4. diskutere framtida for nynorsk skriftkultur

Dei som er medlemmer i Nynorsk forum er BUL i Oslo, Dag og Tid, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Jærmuseet/ Garborgsenteret, Kringkastingsringen, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Noregs Mållag, Noregs

Ungdomslag, Norsk Barneblad, Norsk Målungdom, NRK Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter, Nynorskfylket, Nynorsk kultursentrum og Nynorsk pressekontor. For nasjonal samordning vurderer fylkesrådmannen at det vil vere ein føremon dersom Nynorskfylket Vestland blir med vidare som medlem i Nynorsk forum.

Utviding av nettverket - ny oppstart

Under og etter det siste møtet i Nynorskfylket har det blitt laga ei liste med aktuelle nye deltakarar frå det offentlege, sivile organisasjonar og privat næringsliv i tråd med dei nye fylkesgrensene. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen bør ta initiativet til å invitere inn nye deltakarar i Nynorskfylket Vestland i tida framover. Fylkeskommunen bør invitere til eit første møte i det utvida nettverket denne våren. Fylkesrådmannen meiner det vil vere føremålstenleg å kombinere møtet med ei fagleg samling med tema språkpolitikk. Dette vil vere ei fin markering av at Nynorskfylket er utvida, og eit høve til å løfte nynorsk og språkpolitikk.

Mandat og organisering

Fylkesrådmannen ser det som ei viktig oppgåve for Nynorskfylket Vestland å drøfte mandatet til nettverket, og vil utfordre nettverket om å komme tilbake til fylkestinget med innspel til mandat. Dette vil vere ei viktig drøfting under første møtet i Nynorskfylket Vestland denne våren.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek organiseringa av nettverket på dette møtet. Deltakarane i Nynorskfylket i Sogn og Fjordane har vore tydelege på at eit arbeidsutval for nettverket vil vere eit godt verktøy for å sikre kontinuitet og framdrift, og at heile nettverket bør møtast ein til to gongar i året. På bakgrunn av dette foreslår fylkesrådmannen ei organisering med eit arbeidsutval der leiar av nettverket er representert, og vil utfordre Nynorskfylket Vestland til å sette opp val til arbeidsutvalet som sak på første møtet i nettverket.

Utfordringar og politiske prosessar

Det norske språket er under press frå det engelske språket. Vi snakkar her spesielt om domenetap innan enkelte sektorar, slik som akademia og i digitale medium. Vidare er nynorsk, som det minste av dei to norske språka, under press frå bokmål. Talet brukarar av nynorsk går ned, og i Vestland har vi eit særskilt ansvar for vern og aktiv bruk av nynorsk.

Det er for tida mange viktige prosessar på gang som kan vere med å styrke det nynorske språket. Fylkesutvalet i Vestland vedtok i desember ei høyringsfråsegn til utkastet til lov om språk (språklova), som er sendt til Kulturdepartementet. Den nye lova vil bli lagt fram for Stortinget i 2020. Kulturdepartementet har òg sett i gang arbeidet med ei stortingsmelding om språk. Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og fleire kulturinstitusjonar i Vestland har sendt innspel til språkmeldinga, som vil bli lagt fram for Stortinget i løpet av 2020. Frå hausten 2020 skal nye læreplanar i grunnskulen setjast i verk. Digitale læremidlar vil bli meir sentralt i skulen gjennom dei nye læreplanane, men få av læremidla er tilgjengeleg på nynorsk.

I Vestland er det spennande satsingar på gang som vil styrke det nynorske språket. *Nynorskhuset* er under planlegging både i Førde og Bergen. Dei to nynorske regionteatera, Det Vestnorske Teateret og Teater Vestland har planar om utvida aktivitet. Jakob Sande-senteret i Dale i Sunnfjord er under utvikling. Den kulturelle skulesekken har mål om fleire nynorskproduksjonar. Det er også arbeid på gang med å hauste inn nynorskdata til ein tale-/tekstbank. Vestland fylkeskommune har nynorsk som tenestemål og har starta arbeidet med regional planstrategi og ein språkbruksplan. Fylkesrådmannen meiner det i tida framover vil vere sterkt behov for å styrke nynorsk spesielt i skulen, i akademia, i kulturlivet, i offentlege organ, i media, på dei digitale flatene og som kvardagsspråk og næringslivsspråk. Nynorskfylket Vestland vil kunne bidra positivt til dette.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer endeleg vedtak i saka, jf. vedteke reglement for dei folkevalde organa i Vestland fylkeskommune.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det vil vere behov for budsjettmidlar til gjennomføring av møte og fagleg samling i Nynorskfylket i 2020. Dette vert dekkja innanfor vedteke budsjetttramme.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Nynorsk er sentralt tema i både Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser ei utviding av Nynorskfylket Sogn og Fjordane til Nynorskfylket Vestland med fleire aktørar frå det offentlege, sivile organisasjonar og privat næringsliv som eit viktig tiltak for å styrke det nynorske språket både i regionen og nasjonalt.

Nettverket Nynorskfylket Vestland vil kunne auke merksemda og kunnskapen rundt nynorsk, dele ressursar og setje aktørane i nettverket i betre stand til å påverke i språkpolitikken. Sett i lys av det presset som er på nynorsk som språk og den solide posisjonen nynorsk har i Vestland, tilrår fylkesrådmannen at det blir lagt til rette for Nynorskfylket Vestland som eit nettverk for aktørar som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk.